

Utdannings- og forskingsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Att. Magnhild Løvehaug

## **Høyringsfråsegn om framlegg til endringar i opplæringslova - Opplæring i helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar**

Vi viser til "høyringsbrev" dagsett 09.11.05 der departementet presenterer framlegg til endringar i opplæringslova om opplæringsansvaret for pasientar i helseinstitusjonar og bebuarar i barneverninstitusjonar.

Departementet presenterer 6 modellar utan å ta stilling til kva for modell som bør veljast, men ber høyringsinstansane uttale seg om føremonar og ulemper ved alle modellane, og kome med framlegg om kva for modell som bør veljast.

Vi sluttar oss til departementet sitt syn om at opplæringsansvaret i dei ulike institusjonane bør sjåast i samanheng, og at ein her må nytte høvet til å rydde bort uvisse på dette området.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at lovheimelen må finnast i opplæringslova, og må vere gjeldande for offentlege og private helseinstitusjonar så vel som for offentlege og private barneverninstitusjonar.

Det er vidare Fylkesmannen i Rogaland sitt syn at ansvaret for opplæringa av pasientar i helseinstitusjonar og bebuarar i barneverninstitusjonar, anten dei er offentlege eller private, blir fylkeskommunalt.

Det er også Fylkesmannen sitt syn at ansvaret (fagleg, juridisk og økonomisk) blir ført over til den fylkeskommunen der institusjonen ligg, både for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring.

**Etter dette er det Fylkesmannen i Rogaland sitt syn at alternativ 1 og alternativ 2, eventuelt ein kombinasjon av desse, best tar omsyn til dei røynsleane som er gjorde og dei merknadene som er komne frå brukarinstitusjonane, samstundes som det på ein klar og grei måte plasserer det faglege, juridiske og økonomiske ansvaret på ein stad.**

Med helsing

Sølvi Ona Gjul  
utdanningsdirektør

Audun Gjerde  
seniorrådgivar